



## Me kan ikkje ta fridom og demokrati for gitt

For 4H er «fridom» og «demokrati» meir enn berre ord. Dei er heilage og ufråvikelege prinsipp som er grunnleggjande for vår organisasjon. Med dette kviler det òg eit ansvar, eit ansvar for å sjølv bidra til å ivareta desse verdiane. Kampen for fridom – fridom til å vera den du vil, fridom til elska den du vil, fridom til å verte det du vil og fridom frå å verte undertrykt, ein kamp som må kjempast på lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt nivå kvar bidige dag. Dessverre ser ein i dag at utviklinga mange stadar i verda går i feil retning og ein ser at det liberale demokratiet er under stadig større press. For 4H, som er ein organisasjon som er bygd opp på demokratiske prinsipp er dette skremmande. Difor er det ekstra viktig at 4H Noreg skal vera eit motvekt til dette.

Russlands fullskala invasjon av Ukraina den 24. februar har igjen gjort det klart at fridom og demokrati er verdiar som ikkje kan takast for gitt. Dei må forsvarast kvar einaste dag. Putin gjekk uprovosert til åtak på Ukraina – eit demokratisk land, mot eit folk som ynskjer fridom.

Samfunnet står framføre fleire varsla kriser, både med svolt, tørke, klimaendringar og knappheit på ressursar. Ukraina er verdas kornkammer og Russland sin invasjon blokkerer eksporten av både mat og andre råvarer. Landsmøtet i 4H Noreg meiner dette er ein tydeleg vekker om at kunnskap rundt om å dyrke eiga mat og styrking av landbruket er viktig for sjølvberginga. I 4H kan barn og unge lære om dei små tiltak ein sjølv kan bidra med for å auke bevisstgjeringa omkring eigen småskala matproduksjon, og påverke våre eigne handlingsmønster har for norsk mattryggleik. Ved å velgje norskprodusert mat, laga med særst lite sprøytemidlar og bruk av antibiotika samanlikna med resten av verda, er ein med å bidra til dette. Me skal spreie kunnskapen om verdien og kvaliteten på norskprodusert mat for å trygge ei framtid med ei berekraftig næring, som er mindre avhengig av import, og bevaring av kunnskapen for å produsere mat i et land der ein er prisgitt naturens utforming, klima og ressursar. Slik betrar ein òg beredskapen i landet.

4H støttar opp under Ukraina og det Ukrainske folket, og deira kamp for fridom og demokrati. 4H Norge vil bidra til at alle menneskjer har rett til fridom og tryggleik gjennom demokratiopplæring, bevisstgjerung og erfaring. Gjennom auka fokus og opplæring i verdien av berekraftig matforvaltning skal me bidra til ei meir berekraftig og rettferdig verd. 4H Noreg skal arbeida aktivt for å promotera, forsvara og spreie fridom og demokrati gjennom organisasjonen sitt arbeid på lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. 4H skal fortsetta å vera ein organisasjon som følgjer og gjev opplæring i demokratiske prosessar og verdiar.